

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dykkar ref
2007/3771

Vår ref
200700591-/SLO

Dato
12.07.2007

Tildeling av støtte til forprosjekt for konseptutvikling rundt landskapsarkar i Hordaland

Vi syner til søknad frå Fylkesmannen i Hordaland om støtte til forprosjekt for konseptutvikling kring landskapsarkar i Hordaland av 15.juni d.å.

Landbruks- og matdepartementet tildeler med dette 100 000 kr til prosjektet over kap 1150, post 50, underpost 50.11- Sentrale BU-midlar.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer å stimulere til arbeidsmetodar og kompetansehevande tiltak som kan fremje lokal verdiskaping knytt til landbruksbasert næringsutvikling. I brev til fylkesmannsembeta i vår oppmoda departementet difor om søknader knytt til regionale utviklingsprosjekt. Med regionale utviklingsprosjekt er det meint prosjekt der kommunen ynskjer å prøve ut nye metodar eller tiltak, samt prosjekt relatert til regional utvikling/ næringsutvikling i regi av Fylkesmannen.

Landskapsarkar i Hordaland er eit pilotprosjekt for berekraftig næringsutvikling knytt til natur- og kulturlandskapet i fleire bygdesamfunn i Hordaland. Utvikling av gode modellar for samarbeid mellom gardbrukarar, bygdefolk, næringsliv og offentlege aktørar vil vere avgjerande for at landskapsarkane skal lukkast. Prosjektet har så langt skapt høgt engasjement og mobilisering lokalt, og etablert et godt grunnlag for framtidig samarbeid og nettverksbygging. Det å skape ein meirverdi ut frå lokale fortrinn og kvalitetar knytt til kulturlandskapet, og berekraftig utnytting av desse ressursane til auka verdiskaping og næringsutvikling står sentralt i landskapsarkprosjektet. Såleis er det viktig at ein tek utgangspunkt i lokale kvalitetar, særpreg og tradisjonar i utvikling av landskapsarkane.

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 59

Telefon
22 24 90 90

Org no.
972 417 874

Avdeling for forskning,
innovasjon og
regionalpolitikk
Telefaks
22 24 91 50

Sakshandsamar
Siri Lothe
22249217

Målet med forprosjektet er å konkretisere og utvikle "landskapspark" som ei merkevare. Langsiktig merkevarebyggjing knytt til landskapskvalitetar vil være sentralt for å ta ut ein meirverdi i marknaden og sikre auka verdiskaping i landskapsparkane. Landbruks- og matdepartementet vonar at dei erfaringane som vert hausta i samband med prosjektet kan gje verdifulle innspel til utvikling og konkretisering av landskapspark/natur- og kulturpark som modell for nærings- og lokalsamfunnsutvikling på nasjonalt nivå.


Som ein føresetnad for tildelinga vektlegg departementet at det også skal vere mogleg for andre fylker og kommunar å dra nytte av dei erfaringane som vert hausta gjennom dette arbeidet.

Ved misleghald av vilkåra i dette brevet eller ved å gje opp feil opplysningar vil tildelinga heilt eller delvis kunne bli trekt tilbake, og utbetalte midlar kravd tilbakeført. Det vert teke atterhald om åtgang for departementet og Riksrevisjonen til å setje i verk kontroll med opplysningane som er gjevne og at midlane vert nytta etter føresetnadane.

Løyvinga vert utbetalt etter at vi har motteke ei skriftleg utbetalingsoppmodning. 10 % av tilskotet kan haldast tilbake til det ligg føre rapport og revisorbekrefta rekneskap for bruken av midlane.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer lukke til med forprosjektet!

Med helsing



Frøydis Vold
ekspedisjonssjef



Siri Lothe
førstekonsulent

Kopi:

Statens landbruksforvaltning
Riksrevisjonen